



ÅL KOMMUNE
Torget 1, 3570 ÅL

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

HØYRINGSUTTALE - FRAMLEGG TIL UTVIDING AV PASIENTOMBODSORDNINGA

Høyringsframlegget er handsama av eldreråda i dei seks Hallingdalskommunane. Desse har kome med ymse innspel til uttale. Leiarane for eldreråda samla til møte i Ål 26. juni 2007, vil etter fullmakt frå råda gi slik felles uttale til framlegg om utviding av pasientombodsordninga:

Eldreråda er positive til at ordninga med pasientombod blir utvida til òg å gjelde kommunale helsetenester og visse kommunale sosialtenester. Me vil peike på ein del ting / føresetnader som me meiner må til for at ordninga skal bli vellukka:

- **Ordninga må bli følgd opp med nok ressursar slik at me får minimum ei ombodsstilling i kvart fylke slik føresetnaden er i framlegget.**
- **Alle klagesaker bør gå gjennom ein uhilda kommunal sakshandsamar.**
- **Hindre at klager som i utgangspunktet ikkje vil nå fram, blir belasta pasientombodet - feks ved at ein kommunal sakshandsamar siler ut slike klagesaker.**
- **Pasientombodet bør ikkje kunne fatte vedtak som strir mot kommunale politiske vedtak - som feks betalingssatsar for heimehjelpstenester.**
- **Det er viktig at pasientombodet er klageinstans i NAV-systemet.**
- **Eldreråda vil tilrå at namnet blir Pasient- og brukarombod.**
- **Ein er samd i at økonomiske ytingar bør bli vurderte seinare når ordninga har verka ei tid.**

Ål den 26.06.07

Etter fullmakt

Eldreråda i Hallingdal

<i>Meris Steinvoll (sgg)</i>	<i>Arne Kova</i>	<i>Helge Brønnø (sgg)</i>
Flå kommune	Nes kommune	Gol kommune
<i>Kornvald Firkvinn</i>	<i>Olav Christoffersen</i>	<i>Furuberg Sten Frimvold</i>
Hemsedal kommune	Ål kommune	Hol kommune

Telefon: 32 08 50 00
Faks: 32 08 50 99

E-post: postmottak@aal.kommune.no
Internett: <http://aal.kommune.no>

Bankgiro: 2320 20 29531
Bankgiro skatt: 7855 05 06199
Organisasjons nr: 864 952 992



HALLINGDAL